



Byggeskikk

RETTLEIAR FOR BYKLE KOMMUNE MED UTGANGSPUNKT I HOVDENOMRÅDET

«God byggeskikk er en arkitektur som passer til staden, som viderefører og forsterker landskapets egne trekk, eller føyer til det som passer.»

Christian Norberg-Schulz, sivilarkitekt og professor dr.techn.

FORORD

KVA ER GOD BYGGESIKK?

Målet med ein byggeskikkretteliar

- Den nye plan- og bygningslova

Hovden – karakter og hovudtrekk

- Landskap og naturmiljø skapte Hovden
- Topografi og veksttilhøve

Kva skal Hovden vere i framtida?

- Frå bonden sitt landskap til masseturisme
- Hovden er ikkje berre ein vintersportsstad
- Hovden må ikkje bli «folklore»

EIN RETTLEIAR I ARBEIDET MED BYGGESIKK

Busetnaden i landskapet

- Omsynet til naturmiljøet
- Utbyggingsform: tett ellet spreidd
- Parkering , vegar og renovasjon
- Planarbeid

Bygningen på tomta

- Samordning av veg, vavn og kloakk
- Plassering på tomt
- Innrepgrensem
- Bygningane sine dimensjonar må tilpassast tomta
- Takform
- Fundament
- Uteareal, terrasser og balkonger



Utforming og byggestil

- Form og stil: det enkle, ikkje «folklore»
- Vel konstruksjonar og materialar som varer
- Bruk naturen sitt fargekart
- Bygg for mindre bruk av energi
- Tilpassing til eksisterande gardsanlegg
- Turistanlegg

Eit samarbeid mellom Bykle kommune og Norsk Form i samband med programmet «Norge langs vegen - reisens estetikk» (NLV), har ført fram til denne byggeskikkretteliaren. Dette programmet vart starta for å få til ei estetisk opprusting av det bygde miljøet langs sentrale reiseruter, og rundt sentrale reisemål i Noreg.

Forord



«IKKJE NOE ER FORSTÅTT SOM IKKJE FØRST ER ELSKA»

Denne rettleiaren er laga for å hjelpe deg og alle andre som skal bygge i kommunen vår til å få betre innsikt i og forståing for kva kvalitetsarkitektur og god byggeskikk krev av planlegging og omtanke. Dette vil vi oppnå gjennom å gjøre noen grunnleggande prinsipp synlege, drøfte dei, og vise eksempel på både gode og dårlige løysingar.

Det er vårt ønske at kvalitet skal kjenneteikne Bykle, både når det gjeld naturopplevelingar, sosiale forhold og menneskeskapte omgjevnader.

Rettleiaren er laga med Hovden som utgangspunkt, og det er lagt vekt på hytte- og bustadbygging, men hovudprinsippa er dei same for alle slag bygg, også i andre delar av kommunen. Byggekunst er "stadkunst": Kvaliteten i det enkelte byggverk får vi først når det vert planlagt og bygd med innsikt og respekt for staden sin eingenart – og såleis glir inn og tilhører staden. Dessverre finst det frå før av mange bygningar i Bykle som står fram som døme på mangelfull planlegging. Utan fagleg innsikt og utan å ta omsyn til landskapet og omgjevandene elles, går det gjerne gale. Vi innser alvoret i situasjonen, og ønskjer å sikre oss at den arkitektoniske kvaliteten i kommunen vår blir betre i framtida.

Vi håper dessutan at dette heftet kan stimulere til debatt og sjølvkritikk, og endå viktigare, utfordre til å trekke lærdom av det som er gjort. Vidare er det vårt håp at rettleiaren skal fremme kreativitet og få oss alle til å føle eit felles ansvar for det som skal byggast i framtida. La oss ta eit felles løft for å skape vakre hus og tiltalande stader!
God lesing - og lykke til med byggeplanane!

Kva er god byggeskikk?

FORMÅLET MED EIN BYGGESIKKRETTLEIAR

Målet er å ta vare på, vidareutvikle og – så langt det er råd – å rette opp att Hovden sine miljømessige og kulturhistoriske verdiar som grunnlag for framtidig vekst og verdiskaping. Rettleiaren skal brukast aktivt mot alle som skal bygge eller på anna vis delta i utviklinga av Hovden, og elles vere ei handbok for kommunale sakshandsamarar, særleg i samband med utforminga av reguleringsføresegner med heimel i den nye plan- og bygningslova.



Parkeringsplassar vert ofte dominerande.

Turistar legg vekt på estetikk og heilsapsinntrykk

Reiselivet i Noreg satsar på natur- og kulturopplevingar. Både utlendingar og nordmenn reagerer på dårlig formgjeving og planlegging av busettader (også hytter og turistanlegg). For at norsk natur og kultur skal kunne opplevast må skilting, parkeringsplassar, kioskar, hotell, hyttefelt osv. vere på plass. Inngrepa dette fører med seg, krev omtanke og fagkunnskap.

Ei tilfeldig, planlaus utvikling vil på lang sikt svekke både den økonomiske og økologiske berekrafta til lokalsamfunnet.

På Hovden har byggeaktiviteten auka dei seinare åra. Resultata fortel om mangel på krav til kvalitet. Ansvaret for den vidare utviklinga ligg no på dei enkelte byggherrane, kommunen si planavdeling og politikarane i fellesskap.

All tilrettelegging for å kunne oppleve norsk natur og kultur, inneber inngrep og formgjevnad som krev omtanke og fagleg kunnskap.



Når detaljane manglar vert heilsaken dårleg.



Asfalt og parkerte bilar pregar sentrum.

Bildet til venstre:
Tilfeldig og lite gjennomtenkt bygningsplassering.



HOVDEN: HOVUDKARAKTERTREKKA

Landskap og naturmiljø forma Hovden

Tettstaden Hovden ligg øvst i Setesdal, ved RV 9. Det er 290 km til Oslo, 300 km til Bergen og 215 km til Kristiansand.

Staden ligg i eit stort, vakkert landskapsrom som strekker seg langs dalføra mot vest, sør og nord, og høgda over havet er 800 m, altså rett under tregrensa. Den faste busetnaden har til nå



Hovden ligg i eit stort, vakkert landskapsrom, like under tregrensa.



Nye bustadfelt formar om landskapet "for å få det til å passe".



Hyttefelt med omfattande vegsystem og varierande byggestil.

vore samla i dalbotnen. Den nye hytte og bustadutbygginga strekker seg høgare oppover fjellsidene, og er difor meir synleg i landskapet.

Hovden er ein av dei mest snøsikre vintersportsstadene i Sør-Noreg, og har difor eit stort potensiale for vidareutvikling.

Topografi og veksttilhøve

Det ruvande, storslegne landskapet dominerer kvar ein enn er på Hovden. Særeigne fjellformasjonar ligg nær sentrumsområdet og gjev staden eit slag intimitet. Delinga av dalføret er med på å gjøre Hovden romsleg og særmerkt.

Jordtypen er morene med ein del større og mindre stein. På toppen ligg eit forholdsvis tynt lag med matjord som fort tørkar opp etter regn og snøsmelting. Oppvarming av jorda skjer også raskt.

Vegetasjonen fortel at Hovden ligg nær snaujellet, og er utsett for vind. Tett fjellbjørkeskog dominerer frå Hartevatn til tregrensa. Mellom bjørketre står einsame, storvaksne furutre som restar frå ein varmare klimaperiode då furuskogen var meir dominerande enn i dag. I tillegg til dvergbjørk finst ein del vierartar, einer og småvaksen rogn. Naturenga har seintveksande grasslag som svingel og kvein, og eit dekke av urter, mosar og lav. Sør for Hovden er det mest bar-skog med noen innslag av bjørk. Nord for Hovden opnar dalen seg opp mot fjellplatået. Vegetasjonen der er lav, og mykje myr set sitt preg på landskapet.

KVA SKAL HOVDEN VERE I FRAMTIDA?

Frå bonden sitt landskap til masseturisme

Hovden har vore busett frå på lag år 700 før Kristus. Folk har levd av jakt og fangst, jernutvinning, jordbruk og tamreindrift. Det moderne Hovden si framvekst er knytta til bygging av ferda-vegen oppover dalen og utvikling av transportmidla. I 1924 var vegsambandet søretter på plass, og i 1939 opna vegen over fjellet til Haukeli. I dag er Hovden ein allsidig ferie- og turiststad med på lag 2970 hotellsenger, 132 km skiløyper og slalåmbakkar og rundt 1380 hytter.



Bonden sitt landskap.



Hovden er ikkje berre ein vintersportsstad

Frå starten av 1970-talet har sterke utbyggingsinteresser vore knytta til utviklinga av reiselivet. Grunneigarar, politikarar og den kommunale administrasjonen har vist stor velvilje til dette, av frykt for å bremse ei positiv utvikling, særleg då som vintersportsstad. Men vinter og sommar gir Hovden to ulike ansikt. Den kraftige og tette utbygginga av hyttefelt, skianlegg og parkeringsplassar, som vinterstid vert pakka inn i silkevit fløyel, får eit anna ansiktsdrag sommar og haust. Parkeringsplassar, vegføringar og fyllingar ligg der som sår i Hovden sitt ansikt, her trengst det ei ansiktsløfting - og klare køyrereglar for framtida.

Hovden må ikkje bli «folklore»

Parallelt med den kraftige utbygginga har ei bølgje av nostalgi velta inn over Noreg, ikkje minst innan turistnæringa og med hyttebygging. Det «rotnorske» er mote, og har ført til ukritisk bruk av til dømes stabbursgavlar og utskorne stolpar og pilastrar. Kvar lita bu skal ha ukanta bord, profileringar og krusedullar i alle fasongar. Ingenting av dette har røter i norsk byggeskikk knytta til fjellet, verken når det gjeld hytte-, støls- eller gardsbygningar.

Dette må helst karakteriserast som smak- og stillaus pyntetrong, for ikkje å seie uttrykk for manglande forståing for kva som er verkeleg tradisjon og bygningskultur.

Denslags gagnar ikkje Hovden på sikt, billig «folklore» i kvart eit dalføre er ikkje det turistar og andre vil ha!



Byggestil og dimensjon er tilpassa landskapet.

Ved Breive er kulturlandskapet førebels ikkje påverka av turismen.



God landskapstilpassing og bygningsutforming i sentrum.



Ein rettleiar i arbeidet med byggeskikk

BYGNINGAR OG BUSETNAD I LANDSKAPET

Omsynet til naturmiljøet

Hovden ligg tett opp under tregrensa, noko som gjev kort vekstsesong og karrige vesktvilkår for tre, buskar og markdekke. All byggeverksemr er kraftige inngrep i slik natur. Det er vanskeleg å få nye tre og buskar til å etablere seg, og dei veks seint. Difor må den vegetasjonen som finst mellom vegar og bygningar i nye utbyggingsområde takast vare på.

Store, samanhengande inngrepsområde kan øydelegge det normale naturgrunnlaget, og gi dårligare vilkår for det samla vegetasjonsbildet.

Særleg gjeld dette ei for tett utbygging i liene. Dei er meir verutsette, og dessutan meir synlege enn dei flate områda i dalbotnen. Dei nyaste hytte- og bustadfelta er så tettbygde, og har ført med seg så store inngrep, at ein på rekne med at den normale vegetasjonen på staden vil vere borte i lang tid.

Ei vidare utbygging på same måten vil kunne føre til ei varig endring av landskapskarakteren på Hovden. Frå å vere frodig og grøn, med busetnad tilpassa og underordna naturen, kan Hovden ende som ein naken, forblåst «hyttelandsby» på steinfyllingar.

Det bør difor fastsettast ei grense for kor høgt oppe i liene ein kan tillate bygging. All ny utbygging må vurderast nøye med tanke på eksponeringa i landskapsrommet, og ein må ta omsyn til verknadene på lang sikt. Styringa av naturinngrepa må bli mykje strammare.


God kvalitet i busette område krev gode planføresegner som styringsverktøy, fagfolk til å sette desse ut i livet, og politisk vilje til å følgje opp.



Eksisterande vegetasjon er verna mellom bygningane.



Bygningar i skogen nedt på flata underordnar seg landskapet, medan dei oppe i lia vert dominerande.



Bildet til venstre:
Slike hyttefelt er svært synlege og fører til ei varig endring av Hovden sin karakter.

Bildet lengst til venstre:
I skogsterren med god avstand mellom hyttene underordnar dei seg landskapet når plasseringa, utforminga og materialbruken er god.

EKSEMPEL PÅ AKTUELLE PLAN-FØRESEGNAR NÅR DET GJELD TERRENG OG VEGETASJON

Inngrepsgrense

Før å bevare mest mulig vegetasjon og markdekke, set planen grenser for kor store inngrep ein kan gjøre på kvar enkelt tomt. Utanom inngrepsgrensa kan ikkje noen form for inngrep i markdekke eller trevegetasjon skje utan spesielt løyve frå planutvalet. Skjer eit inngrep etter at utbygginga har begynt, kan planutvalet vurdere utnyttingsgraden til tomta - og / eller krevje at tomteeigar utbetrar skadane.

Byggemeldinga

skal som vedlegg ha situasjonsplan i målestokk 1 : 500. Planen skal vise:

- Korleis bygningen skal plasserast i høve til veg, tomta- og inngrepsgrenser. Framtidige bygningar skal vere med.
- Korleis den ubygde tomtedelen skal planerast og utnyttast, herunder eventuelle støttémurar og terrassar.
- Alle terrenghendringar med nye koter og punkthøgder.
- Typiske snitt som viser bygningshøgder og soklar. Både det eksisterande og det nye terrenget skal vere med.

Sektor for plan og utvikling kan be om meir informasjon når det gjeld detaljar om til dømes skjeringar og fyllingar, i høve til vegar, bygningar og terrassar.

Detaljar


- Synleg grunnmur kan maksimalt vere 0,75 cm høg. Skjeringar / fyllingar knytta til ein bygning skal ikkje vere høgare enn 1 m, og ikkje brattare enn 1 : 1,5.
- Berørt areal skal, snarast råd etter at det er opparbeidd, sääst til med dei typar plantemateriale frå staden, som det er bestemt at skal brukast.

Bildet til høgre:

Slike konteinarar må ikkje få prege hyttefeltet.

Teikninga lengst til høgre:

Sortert avfall kan leverast på miljøstasjonar som er sentralt plasserte. Løysinga krev små behaldarar.



Denne hytta er godt tilpasset terrenget i størrelse, form, materialbruk og fargar.

Utbyggingsform: tett eller spreidd?


Hyttefelt bygd på 60- og 70-talet ligg stort sett i småkupert terrengr som er lett å bygge ut. Døme er Otreosåsen og Rimstøylfotti. Her finn vi mest små og mellomstore hytter, godt tilpassa terrenget når det gjeld storlek, form, og material- og fargebruk.

Nyare felt, som til dømes Hovden fjellpark, ligg i brattare terrengr og er prega av svært omfattande inngrep i terrengr og naturgrunnlag knytta til framføring av veg, vatn og kloakk og større hytter på små tomter - alt har ført til store inngrep i naturgrunnlaget.

Parkering, vegar og renovasjon

Vegar, og snu- og parkeringsplassar for bilar, kan føre til store inngrep, særleg i bratt terrengr. Litt større tomter, altså ikkje fullt så sterkt utnyttast, gjer det lettare å få til gode vegløysingar. Ein kan legge seg meir fleksibel i terrenget og få til oppstillingsplassar der det høver best utan fyllingar og inngrep. Når det gjeld hyttebygging, må omsynet til naturgrunnlaget vege tyngre enn det å kunne køyre fram til hyttedøra.

Godt utforma samleanlegg for renovasjon høyrer også med her. Løysingane må vere utforma slik at ikkje den største søppelbilen må kunne køyre alle vegane.





På Hovdestøylen er vegar og hytter harmonisk tilpassa terreng og vegetasjon.

Planarbeid

Skal ei utbygging bli vellykka, må ein detaljert planprosess gjennomførast. Både på overordna nivå (kommunedelplan, reguleringsplan, busetnadsplan), og på detaljplannivå, kan såkalla «føringar» styre sluttresultatet i den retninga ein ønsker.

Planstyring og vedtak må bygge på ei grundig detaljvurdering av kvar område. Inngrep og konsekvensar av vegar, grøftetrasèar og busetnad må klarleggast med utarbeiding av koteplanar og snitt før utnyttingsgrad vert fastlagd. Det må stillast dei same krava til alle planframlegg, små som store, private som kommunale.

Gode, detaljerte kart er ein føresetnad for ein god planprosess. Det som finst av vegetasjon og anna må registrerast og kartfestast før planarbeidet startar.

Det er naudsynt med prøvestikking av vegtrasèar og bygningskroppar før desse vert fastlagde i ein busetnadsplan. Slik kan ein unngå därleg detaljtilpassing, og på ein enkel måte gi høve til korrigering før ein plan vert vedteken.

I framtida bør ein unngå hyttebygging i bratte lier. Tettbygde byggefelt bør ein, utan omsyn til terrenget, velje bort. Skiljet bør i staden gå mellom tette tungrupper og spreidd utbygging. Terren og plassering må avgjere valet. Begge alternativa gjer det muleg å la urørde område bli verande mellom bygningane. Tette tungrupper kan vere den beste løysinga i ope terren med lite vegetasjon. God avstand til neste tungruppe bind naturen saman, og ein får klare husgrupper i landskapet, slik det ofte var i gamle stølsgrender.

Kvar tungruppe bør ikkje ha fleire enn 8 - 10 einingar.


Spreidd utbygging høver best i småkupert terren med mellomstor vegetasjon. Hus og hytter må plasserast med omtanke «inn i terrenget». Ein må unngå bygningar på knausar og framskotne parti.




Bilveg heilt fram til hyttene fører til store inn-grep.



For tett utbygging og for mange vegar, har her ført til rasering av vegetasjonen.



Tette tungrupper.



Spreidd utbygging.

BYGNINGEN PÅ TOMTA

Samordning av veg, vatn og kloakk

Grøftetrasear bør leggast langs tilkomstvegar for å unngå unødvendige inngrep. Der dette er umuleg, på grunn av fallforhold, må ein best muleg samordne grøftene til fleire tomter, og elles redusere inngrepa så godt ein kan. Fjernverknadene av ulike trasear bør vurderast.

På den enkelte tomta må inngrepa i byggeperioden sjåast saman med dei varige inngrepa, til dømes grøfter og tilkomstveg. Det bør lagast eit tomteark for kvar enkelt tomt som samlar alt som er bestemt for tomta og gir tomtekjøparen råd om val av type hytte / hus, og om korleis bygget bør plasserast.




Eksempel på tomteark for to tomter i hyttefelt.



Store inngrep for å få plassert eit bygg betyr at ein har valt feil hustype eller feil form.




Vel ein type bygning som passar til tomta.



Ei terrenget småkupert, bør bygningen delast opp i mindre delar.

Bildet til høgre: Eit godt eksempel på samspel mellom bygningar og landskap.





Bygningen må plasserast «inn i terrenget». Unngå høgeddrag og knattar.

Plassering på tomt

Tomta må studerast nøye for å finne ei plassering av bygningen som fører til minst muleg av masseuttak og fyllingar for å unngå synlege landskapssår. Bygningen må dessutan plasserast «inn i terrenget», slik at han underordnar seg og tek vare på terregnformer og vegetasjon. Unngå høgeddrag og knattar.

Inngrepsgrense


Ei inngrepsgrense er ei avgrensing av kvar det, på den enkelte tomta, er lov å gjennomføre inngrep i samband med utbygginga. Utanfor denne grensa skal terrenget og vegetasjonen ikkje rørast. Grensa må fastleggast i utbyggingsplanen, etter ei vurdering av kvar tomt for seg. Inngrepa skal så langt råd er konsentrerast og minimalisert.

Bygningen blir ein del av ein større heil-skap. Ta difor omsyn til landskapet du bygger i, både terrenget og vegetasjonen.

Dimensjonar og tilpassing til tomt.

Forma og storleiken er svært viktige for korleis hus / hytter tek seg ut i landskapet. Smale bygningar lagde langs eit terregnfall gir minst inngrep, og glid meir naturleg inn i landskapet enn tverrstilte eller breie bygg.

Dersom terrenget er småkupert og vanskeleg, bør ein dele bygningen i to eller fleire mindre delar som lettare kan tilpassast terregnvaryasjoner. Bratt terreng stiller ekstra krav til plassering og form, og det bør vurderast å nytte ein underetasje for å unngå store skjeringar og fyllingar eller høge grunnmurar.



Di mindre inngrepa i terrenget er, di mindre utfifter og arbeid for deg! Naturen får du med på kjøpet. Fundamentet og bygningen må tilpassast naturen, ikkje omvendt!



Feilplassering av feil type hus kan gi store, skjemmende fyllingar.

Takform

Saltaket har lange tradisjonar. Det er ein naturleg og økonomisk fordelaktig takkonstruksjon. Best fungerer slike tak når mønet blir lagd på langs av bygningen.

Tradisjonelt var det lengda på tømmerstokkane som bestemte breidda på ein bygning. Dette gav smale bygg med takfall på mellom 25 og 35 grader. Blir mønet lagt på tvers av lengderetninga til bygget, får vi forvaksne og dominante gavlur som lett blir svært synlege i landskapet. Av dei same årsakene bør ein unngå oppbygg på taket.

Fundament


Ved nøye å vurdere korleis bygningen skal plasserast på tomta, kan ein unngå kompliserte, kostbare og dominante fundament, grunnmurar og søyler. Slikt kan gi eit inntrykk av at bygningen står «på stylter».

Vel fundamenteringsmåte etter korleis grunnen er. Fjell heilt opp i dagen, eller fjell med eit tynt lag lausmasse over, gjør det ofte lønsamt å bruke ein ringmur av naturstein, betong eller lettbetongblokker. Djupe lag med jord og lausmassar gjør det ofte fornuftig å bruke berre nokre få søylepunkt. Slik unngår ein ofte store uttak av masse.

Store inngrep for å få plassert ein bygning betyr at ein har valt feil type eller form.

Uteareal, terrassar og balkongar

Uteareal knytta til hytter / bustadhus skal i størst muleg grad gli naturleg inn i terrenget med varsemdu for vegetasjon og naturleg markdekke, utan bruk av store dominante terrasser og balkonger; svavande som "flåtar" i terrenget. Lag ikkje plassane større enn nødvendig. Legg heller vekt på ei god plassering som går godt med sol, i livd for vær og vind. Ved å knyte uteplassen til det naturleg terrenget, får ein mest glede av den omkringliggende naturen.




Dropp terrassen! Han høyrer til i villastrøk, ikkje i fjellet. Bruk den naturlege overflata som uteplass, gjerne jamna til og belagt med steinheller og / eller gras.





Garasje med imitert stein og imitert treport.



Enkle materialar og detaljar gir den beste løysinga.

UTFORMING OG BYGGESTIL

Form og stil: det enkle, ikkje «folklore»!

Den klassiske, norske hytta på fjellet har aner tilbake til stølsgrendene, og til dei eldste bygningane til «Den Norske Turistforening», DNT. Solid, tung materialbruk er karakteristisk: grunnmur av stein, vegger av lafta tømmer; og stein- eller torvtak. Hytta / bygningen ligg godt i terrenget, utan å prøve på å gjøre seg «usynleg».

Etter 2. verdskriga vart det i Noreg meir vanleg å bygge små, enkle hytter. Etterkrigstida var prega av nøysemd, også for dei som blei hytteeigarar på 50- og 60-talet.

I dag har stadig betre privatøkonomi ført til at hyttebygginga har auka eksplosivt. Dette har ført til eit press i retning av tettare utbygging frå utbyggjarsida, medan dei nye hytteeigarane ønsker større areal og høgare standard. Som det står i ein stadanalyse for Hovden: «Dette har ført til at ein har fått hyttefelt som til forveksling liknar bustadfelt.»

Denne siste fasen har ført til endringar i byggestilen. Den enkle hytta som ikkje gjorde så mykje av seg, har vike plassen for ein meir teatralsk «hyttetemote». Ulike produsentar prøver å overgå kvarandre i å vere «rotnorske». Kombinasjonen av hytter i villastorleik og aukande bruk av stabbursgavlar, svalgangar, utskorne stolpar og pilastrar, og elles profileringar og krusedullar kvar det måtte finnast plass - alt saman tek fullstendig livet av det som skulle vere naturnært. Dette har ikkje noe med norske tradisjonar i fjellet å gjøre, verken når det gjeld hytter, stølbygningar eller gardsbygningar. Det må meir karakteriserast som overflatisk, påhengt pyntetrong, og er både smak- og stillaust. Grunnen er mangel på forståing av kva tradisjon og bygningskultur er.

Den gamle bygningskulturen er vakker, og vi opplever han som vakker fordi han er enkel.

Vel konstruskjonar og materialar som varer

Det løner seg alltid i lengda å bruke utvalde, solide og varige materialar. Blir hytta for dyr, bygg ei mindre hytte heller enn å senke kvaliteten. Å utvide seinare er meir fornuftig enn å bli plagat med ekstra vedlikehald og skadar på grunn av dårlig materialbruk og slett arbeid.

La naturen sjølv inspirere til å bruke enkle, kraftige former, utan påhengd staffasje frå «gamle dager». Unngå stor breidda på på bygningskroppen. Ein hyttegavl bør ikkje vere over 5 m brei, og eit bustadhus maksimalt 7 m. Bruk den tradisjonelle saltaksforma, med minst 25 grader takvinkel. Legg mønet på langs av bygningen.

Vert mønet lagt på tvers, får vi heilt unorske, breie og dominante gavlar. Bruk ikkje karnapp og oppbygg på taket, slik krev ekstra vedlikehald, og er framandelement i fjellet.

Form og storleik på vindauge vel du etter kvar lyset kjem frå, og kvar det er god utsikt. Det er, med kvalitetsvindauge vi har i dag, akseptabelt å bruke større vindaugsflater. Vil du bruke vindauge med sprosser, vel ekte, gjennomgående sprosser, ikkje «falske», utanpåhengde. Den gamle bygningskulturen, som dei fleste av oss liker, opplever vi som vakkert og «ekte» fordi han er enkel og funksjonell, og fordi han er prega av gode materialar og godt handverk.



Hugs at ingenting kan erstatte naturmaterialar. Materialar som gir seg ut for å vere noe anna enn det dei er, vil før eller seinare misse glansen og vise seg som det dei er, simple etterlikningar. Blekktak er og blir tak av blekk, sjølv om det på avstand - og når det er nytt - kan sjå ut som dyre, svarte takpanner.

Ver merksam på at motar også pregar hyttemarknaden. Dette kan føre til at ein får tilbod på dårlege (billige) materialløysingar for å gi inntrykk av eksklusivitet, av moterett «hyttedesign».

Bruk naturen sitt fargekart

Tett utbygging i fjellet krev nennsam fargebruk. Fargeskalaen til naturen er eit godt utgangspunkt, saman med eigenkarakteren til materialane ein bruker. Eldre byggmasse er ofte mørk, brunsvart, eller patinert sølvgrå. Hovudregelen er: bruk ikkje fargeskrikande beis eller maling! Varsam, dempa fargebruk med utgangspunkt i naturen, er løysinga, og bruk heller ein mørk enn ein lys skala.

Sterke fargar som kvitt, raudt og blått bør ikkje brukast. Til vindausrammer og vindskier, kanskje, men ver kritisk. Du kan vende deg til sektor for plan og utvikling viss du vil vite kva for fargar som er tilletne i det enkelte utbyggingsområdet.

Forslag til grunnfargar.



7706-Y43R 5038-Y83R 7115-Y66R 3022-Y30R 3252-Y26R 2245-Y18R KVIT

Bygg for bruk av mindre energi

Realistisk sett må vi i framtida rekne med vesentleg høgare energiprisar enn i dag. Det kan og kome restriksjonar på energibruken, både når det gjeld volum og kva type energi som kan brukast. Kva forhold vil verke inn på energibruken i ei ny hytte på høgfjellet?

Storleiken på hytta

Hugs at energibehovet - særleg til varme - aukar proporsjonalt med volumet som skal varmast opp. Når brukstida er konsentrert til korte periodar, slår dette endå hardare ut, ein må kvar gong få opp varmen i eit gjennomkaldt hus. Ver nøysam med storleiken, sjå på hyttelivet som noe anna enn livet i bustaden i byen.

Isolert godt

Di lettare konstruksjonen er, di lettare og billigare er det å få hytta varm. Islolasjon er billig. Bruk minst 15 cm i veggene, 20 cm i golv og tak.

Legg hytta lunt og lågt i terrenget

Ligg hytta slik at ho er sterkt utsett for vind, kan energibruken i verste fall auke med 20 - 30% på verharde dagar. Ei lunt plassert hytte vil også vinterstid dra nytte av isolerande snø som ligg inntil veggene.

Sett inn vedomn

Dei fleste ønskjer seg peis på hytta. Ulempa med den tradisjonelle peisen er at han varmar dårleg, og bruker svært mykje ved. Installer ein peisomn i staden. Peisomnen gir deg både kosen og god utnytting av veden! Men hugs, det beste alternativet er den gode, gamaldagse vedomnen.

Bruk ikkje billige vindaugelösingar

Gå ikkje på akkord når det gjeld vindauge på hytta! Bruk doble energiglas, skikkelege tettingslis-ter og monter dei med vindtett papp innpå karmane på alle sider. Og, kvifor skal alle hyttevin-dauge vere små?

Auk storleiken mot sør, gjør dei mindre mot nord. Slik får du både meir varme og meir lys – gratis!


Varmt vatn

Installer ein varmtvasstank som er akkurat stor nok til å greie morgondusjen til dei menneska som normalt er på hytta. Å varme opp mykje vatn du normalt ikkje treng, krev mykje energi. Bruk sparedus!

Vel moderne stenderverkskonstruksjonar eller berande stolpar og dragarar - med isolasjonsfyll - og kle med panel både inn- og utvendig. Utvendig bør ein bruke vanleg stående eller liggande panel, avslutta mot vindauge og dører på ein enkel og «rein» måte, utan å bruke overdimensjonerte hjørnekasser og vind-augrammer. Ukrisk bruk av ukantabord gir ofte eit svært uroleg og klum-pete inntrykk.

Ønskjer du å bruke moderne løfting, så isoler innvendig, og gjør det like grundig som om du hadde brukt stenderverk. Taket er den femte fasaden til bygget, og er ofte godt synleg frå høgareliggande terregn.

Bruk gode takutstikk. Unngå dekkbord innover eit takmateriale. På taket bør ein bruke skifer, torv eller betongpanner. Eit anna alternativ er tjørebredde tretak. Unngå alle variantar av blekk!



TILPASSING TIL EKSISTERANDE GARDSANLEGG

Gardsbusetnad med våningshus og driftsbygningar ligg tradisjonelt samla i einingar i kulturlandskapet. Bygningane er gjerne rektagulære og enkle med langsgåande saltak, og har gjerne 2 etasjar.

I det siste har vi sett ein tendens til å plassere nye bygg lausrivne frå dei eldre bygningane, slik at dei faste tunformene blir borte. I tillegg tek mange i bruk nye, framande husformer, til dømes med 1 etasje og sokkel. I ferdighuskatalogen kan slike stilelement verke flotte, men i eit gardsmiljø blir det noko heilt anna.

Nybygg og tilbygg i eksisterande gardsanlegg bør plasserast slik at husgruppa / tunet held på den faste, samlande forma. Få råd frå fagfolk og finn fram til enkle hustypar som, når det gjeld form og storleik, fargar og andre detaljar, passar saman med dei eldre bygningane.

Nye driftsbygningar er særleg vanskelege å tilpasse. Dette skuldast mellom anna nye driftsformer, men med skikkeleg planlegging er det som oftast fullt muleg å knytte nye bygg til eldre driftsbygningar på ein måte som ikkje bryt heilskapen.

Ved restaurering må form og detaljar i dei gamle bygningane bli tekne vare på eller gjenska-past best muleg. Ved utvendig isolering av lafta bygningar skal vindauge flyttast ut slik at dei kjem



Nybygg og tilbygg i eksisterande gardsanlegg bør plasserast slik at husgruppa / tunet held på den faste, samlede forma.

Det enkle i gamle gardsanlegg gir god byggeskikk.



i den same posisjonen som tidlegare, og elles vere svært nøye når det gjeld val av panel, detaljering og type vindauge. Er det tale om eldre panel, er det som regel muleg å få levert tilsvarende ny.

Takutstikk, vindskier og takmateriale i sin opprinnelige form betyr svært mykke for karakteren, og må så langt det er råd, behaldast eller gjenskapast. Av og til er noko tatt fullstendig vekk og må gjenskapast.

Er tunet tidlegare bygt om, slik at det bryt med den originale stilen og forma, bør ein nytte høvet til å få inn att dei sentrale, gamle formelementa. Det gjeld til dømes plassering og form på vindauge og dører, takform og detaljering.



Denne husrekka bør vere utgangspunktet når det skal veljast form og dimensjonar på bygninga i sentrum.



Her er form og storlek godt tilpassa, men bygningen ligg på ei stor asfaltflate.

TURISTANLEGG

Nye hotell og overnatningsanlegg og så bortetter, bør plasserast i tilknyting til Hovden sentrum, ikkje som einslege «øyar» oppe i liene. Dette vil styrke Hovden som regionsenter, og gi eit rikare og meir samla tilbod både til fastbuande, tilreisande og ferdafolk.

Hovden sentrum er i dag bygningsmessig oppdelt og spreidd. Her er det ein jobb å gjøre for å skape samanheng. Dette vil krevje ein sentrumsplan med klare planføresegnere, til dømes når det gjeld grenser for kor store nye bygningar kan vere, og med krav om at større bygningsmasar må delast opp. Ingen bygningar bør ha meir enn to høgder pluss loft.

Elles bør alt som er sagt i rettleiarene om landskap, tomteplassering, form og stil, også stort sett gjelde for større bygningar.

Parkeringsareal må plasserast og delast opp med bygningar eller vegetasjon, slik at dei ikkje står fram som «hav av bilar og asfalt».

Skianlegg bør plasserast nennsamt i landskapet, utan store fyllingar og skjeringar. Den naturlege variasjonen i terrenget kan nyttast til å skape avveksling i løopenetta, slik at anlegga får særdrag etter staden. Kvifor skal alle anlegga vere like?

Utgjevar:
Bykle kommune i samarbeid med Norsk Form

Fagleg ansvarlege:
Michael Fuller-Gee, landskapsarkitekt, Huvestad & Fuller-Gee MNLA (prosjektleder)
Professor Ingolf Westbø, sivilarkitekt
Erlend Løvstakken, sivilarkitekt MNAL
Harald A. Olsen, landskapsarkitekt MNLA, Grindaker A/S

Grafisk design: Rotor A/S
Produksjon: Bodoni A/S
Trykk: Seyfarth Trykkeri A/S



Bykle Kommune
4694 Bykle

Tlf.: 37 93 81 01
Faks.: 37 93 81 56

NORSK FORM



Senter for design, arkitektur og bygningsmiljø

Kongensgt. 4, 0153 Oslo

Tlf.: 22 47 74 00 Faks.: 22 47 74 19

E-mail adresse: norskform@norskform.no

Hjemmeside på internett: www.norskform.no